

Foreldre-app: «TietoEducation»

Til orientering

Appen for føresette erstattar no meldeboka. Appen gir dei føresette tilgang til timeplanen til sitt/sine born, samt ein sikker stad å melde fråvær og kommunisere med læraren med meldingar. Føresette som også har born i barnehage/SFO, vil sjå at ein har fleire av dei same funksjonalitetane der. Sjå eigen informasjon om kommunikasjon med barnehage/SFO på nettstaden.

Av omsyn til personvernet, må ein logge på appen ved hjelp av e-ID (MinID, bankID eller tilsvarande). Dette vil dermed erstatte den lange tradisjonen vi har med meldeboka. SMS skal ikkje nyttast.

Begge føresette kan ha appen og vil få opp det som er registrert i høve fråvær på sine born. Informasjon om eleven og føresette er henta frå folkeregisteret. Ta kontakt med rektor om evt. problemstillingar i høve folkeregisterinformasjon. Sjekk at e-post og mobilnr er rett. Dette undersøker du i "innstillingar".

Du kan sende to type meldingar i appen:

1. Fråvær med kommentar, for heil dag eller del av dag. Regel: å søke fritak meir enn 3 dagar skal som før på søknadsskjema til rektor.
2. Melding til kontaktlærer/ faglærer (velg + og leit fram person i registeret). Som hovudregel: korte meldingar.

Appen kan lastast ned via AppStore eller GooglePlay. For dei som ikkje ønskjer eller kan nytte ein app, vil det vere mogleg å logge på via ei nettside (same innlogg og funksjonar). Lenka finn ein på nettstaden vår. Rutinar vil elles verte presiserte frå skulen si side.

Ein kan forvente seg små oppdateringar i appen som går på språk og nye funksjonalitetar. Informasjon som gjeld nye funksjonalitetar får ein frå skulen når det skal takast i bruk.

Vi vonar dette både vil forenkle ein viktig del av dialogen mellom skule og heim samstundes som det sikrar elevane sine data.

<https://www.volda.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/grunnskule/tieto-education-dialog-mellom-heim-og-skule/>

Lukke til med meldeboka på app!

Lene Nupen
Avdelingsleiar skule
Volda kommune